



Festidalen har utvikla seg til eit stort og flott arrangement, av mange grunnar, men kanskje først og fremst på grunn av kreative eldsjelar, som legg ned eit enormt arbeid store delar av året, - for å vidareutvikle Festidalen til eit betre og betre arrangement, - og for å gje bygdefolk og gjester eit meir og meir variert tilbod

I år såg eg fram til Festifjellet, ein spektakulær friluftskonsert på Låganåso, ein fantastisk idè som Festidalenstyret skulle gjennomføre saman med Kvinnherad turlag.

Så las eg på uskedalen.no at festen på Låganåso ikkje kunne gjennomførast. 2 grunneigarar gjekk imot, - fordi Kvinnherad turlag hadde vore så freidige å ha innvendingar mot kraftutbygginga i Børsdalen.

Kor hevnjerrige folk kan bli, kor smålege, kor barnslege, tenkte eg.

Turlaget skulle vere medarrangør, og dei hadde synspunkt på kraftutbygginga i Børsdalen som ikkje fall i god jord hjå desse grunneigarane, og då ville dei hevne seg ved å nekte arrangementet på Låganåso. Det er noko med det mest deprimerande eg har lese på lenge.

For øvrig: All ros til grunneigarane på Storhaug, som såg galskapen i dette og stilte sitt område til disposisjon.

Vidar Haugland